

UTKØYRING AV MIDDAG

Heimelsgrunnlag

Helse og omsorgslova § 3-2, pkt 6 –b), jfr. § 3-1 og Pasient og brukarrettigheitslova § 2-1 a), Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestene i tillegg til reglar knytt til Forvaltningslova

Føremål med tenesta

-Sikra variert og næringsrikt kosthald til heimebuande eldre, funksjonshemma eller andre som ikkje klarar å laga middag sjølv

Kven kan få tenesta

-Eldre og funksjonshemma som ikkje klarar å laga middag sjølv
-Alle som søker vil verta behovsvurdert

Innhaldet i tenesta

-Ein kan levera varm middag inntil 7 dg i veka – inkl. høgtidsdagar
-Middagen inneheld hovudrett med suppe eller dessert
-Tilbod om heil eller halv porsjon
-Tilbod om ulike diettar – etter behov

Kva du kan forventa av oss som tilsette

-Du skal verta møtt på høfleg og respektfull måte
-Tilsette leverer maten på døra etter avtale

Kva forventar me av deg som brukar

-At du er heima på den tida middagen vert levert
-At evt. endringar i bestillinga vert meldt til sjukeheimen så raskt som råd og innan kl 10.00
-At du gir beskjed om behov for diettmatt når du søker

Praktiske opplysningar

-Middagen vert køyrt ut frå sjukeheimen ca kl 13.15 – dagleg

Saksgang ved søknad om middagsutkøyring:

-Det skal føreliggja eigensøknad frå brukar. Den som søker om tenesta skal ha signert søknaden.
-Søknaden vert vurdert ut i frå helsetilstand/behov
-Ukøyring av middag vil kunne effektuerast innan 4dg og skriftleg vedtak vil føreliggja innan 3 veker
-Pris for middag : Kontakt Ulvik sjukeheim /nettsider til Ulvik Herad
*Rekning vert sendt x 1 pr mnd i etterkant

Klage

Dersom du ynskjer å klaga på vedtaket er klagefristen 3 veker frå du har motteke vedtaket.

Klagen skal sendast til Pleie og omsorgsavdelinga.

Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn orientering om saksgang i ei evt. klagesak.

Ansvarleg for tenesta: Avd.sjukepleiar i open omsorg

Tlf. Ulvik Sjukeheim:56-52-70-80

Adresse: Avd. pleie og omsorg, Ulvik herad, Prestegarden 14, 5730 Ulvik